



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/461 - 20/46245

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
15.07.2020

## **Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 342/65 Eikeland**

**Tiltak:** oppretting av 3 fritidseigedomar  
**Byggjestad:** Gbnr: 342/65  
**Tiltakshavar:** Reknes Byggjevarer LI  
**Ansvarleg søkjar:** Reknes Byggjevarer LI

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på vedtak om dispensasjon frå plankrav for frådeling av 3 tomter til fritidsføremål innan rett tid den 25.06.2020.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 02.09.2020. Møta vert halde på rådhuset. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 10.06.2020 sak 086/20. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå plankræet for oppretting av 3 nye fritidseigedomar på gbnr 342/65. Det er ikkje søkt om løyve til frådelling per dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om frådelingsløyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt frådelingsløyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 10.06.2020 sak 086/20.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkoconsult AS  
Reknes Byggjevarer LI

Postboks 103  
Masfjordvegen 187

5291  
5986

VALESTRANDSFOSSEN  
HOSTELAND

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER